

Svært god drift av skulemusikken.

22.02.2017



Uskedal skulemusikk har god drift. Desse fem damene utgjer styret komande år.

**Årsmelding og rekneskap fortalte om svært god drift då Uskedal skulemusikk hadde årsmøte tysdag kveld. Dei kunne nok tenkt seg fleire musikantar, men då er det godt å vita at 6 aspirantar er klare til å koma inn i korpset til hausten. Dessutan held musikarane som er i korpset no gledeleg godt nivå.**



Korpset årsmøtekvelden. Dirigent Tor Skeie Olsen lengst bak.

Tor Skeie Olsen er framleis dyktig dirigent for korpset. Året starta med eit verkeleg høgdepunkt då gode Fitjar skulekorps kom på besøk i januar. Det vart ei flott helg som vart avslutta med ein strålande konsert. Etter det har korpset hatt spelningar i Omvikdalen og Uskedalen. Også i år gjorde dei ein flott jobb 17.mai! Før

sommarferien hadde dei ein kjekk tur til Haugesund. Korpset har hatt 2 seminar, og dei har faste øvingar om tysdagskveldane. Ved slutten av året var det 12 musikkarar i korpset.

17. mai vart åtte medlemer påskjøna med medaljar for å ha vore med i korpset eit visst antal år. Frida Nybakk fekk medalje for å ha vore med i korpset i 7 år. Ho hadde også ansvar for korpset under marsjeringa på ein flott måte. Amalie H. Rød, Ida Marie Eidsvik, Thea S. Taranger, Camilla Ripel og Hanna Tvilde fekk medalje for 5 års innsats medan Helene Myklebust og Emma Ripel fekk 3-årsmedalje. I tillegg var desse med i korpset i 2016: Ella Karina Hjørnevåg, Nils Rainer Vågen, Tørres Lekva Myklebust, Celine Musland, Tobias Berge-Soldal, William Hjørnevåg, Malena Hjelmeland, Ingrid Klyve og Sigri M. Lekva.

Rekneskapen fortalte at korpset har ein god og trygg økonomi. Kassabehaldninga viser at dei har ein solid buffer, noko som er viktig når ein driv ein såpass kostbar aktivitet som korps. Største inntektskjeldene er adventskalendarsalg og basar. I tillegg har styret vore svært dyktige og påpasselege til å søkja på aktuelle stønadsordningar. Styret gjer i det heile ein imponerande jobb, og dei gjev også ros til andre:

'Ellers ville styret takke alle dei flinke foreldrene som bruker tid på å stille opp med kaker, adventskalender og basar, eller kjøre buss og setter opp stoler.Og heila bygda som støtter oss'

Ved valer gjekk no Hilde Bringedal av som kasserar. Ho har gjort ein god jobb og har samarbeidd godt med rekneskapsførar Randi Nybakk.

Ved valet vart det stort sett attval, og desse er no i styret: Anja Strüter, vald til styrmedlem for 2 år, 1 år som leiar, Åse Myklebust, styresmedlem, 1 år, Ann Kristin Musland, styresmedlem 2 år, Bente Hovden, styresmedlem/uniformsansvarleg, 1 år, og Gina Hella Berge-Soldal, kasserar(ny).

Uskedal skulemusikk vert 50 år i 2019, og det er kjekt laget fungerer så godt!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Åse Myklebust